# Årsregnskap for regnskapsåret 2006

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnr: | 985 515 646 |
| Navn/foretaksnavn: | FARNES SKYTTARLAG |
| Forretningsadresse: | v/Steinar Røyrvik |
| | Volldalsvegen 9 |
| | 6884 ØVRE ÅRDAL |

Brønnøysundregistrene
08.09.2020

Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret

Organisasjonsnr. 985 515 646 FLI

FARNES SKYTTARLAG
Volldelsvegen 9
v/Steinar Røyrvik
6884 ØVRE ÅRDAL

Retur til:
Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

## VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2006

| Registrerte opplysningar per 15.05.2007 | Eventuelle endringar dette rekneskapsåret |
|---|---|
| Startdato 01.01.2006 | Endra startdato (dd.mm.åååå) 01.10.2005 ✓ |
| Avslutningsdato 31.12.2006 | Endra avslutningsdato (dd.mm.åååå) 30.09.2006 ✓ |
| Morselskap i konsern NEI | Endra konsernforhold ☐ Morselsk ☐ Ikkje morselsk |

Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, kryss av ☐ IFRS selskap ☐ IFRS konsern
Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av ☐ Funksjon selskap ☐ Funksjon konsern

Må fyllast ut:

Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde? ☒ Ja ☐ Nei

Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapen er fastsett av kompetent organ den Dato 22/5-07

Stad/dato, Underskrift av representant for selskapet

Berre til bruk for Rekneskapsregisteret

G ☒ NYVE ☐ Admr ☐ Kregn Ja ☐ Nei ☒ Utl kregn ☐

M ☒ Rets ☐ Ant.s 7

☒ ov.b ☐ årsb ☐ res ☐ bal ☐ e.bal ☐ gj.bal ☐ rev ☐ i-rev ☐ k-res ☐ k-bal ☐ k-n ☐ k-rev ☐ i-k-rev ☒ n

☐ alm.n ☐ kto ☐ d.k ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ funk ☐ u.off ☐ brev

BR-1001-06

# FARNES SKYTTARLAG

## RESULTAT PR. 30.09

| | | 2006 | 2005 | 2004 | 2003 |
|---|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | | | |
| Medlemskontingent | Kr | 14700,0 | 14150,0 | 13250,0 | 11400,0 |
| Tilskudd | Kr | 8366,9 | 9165,0 | 10813,0 | 14603,5 |
| Arrangering av egne stevner | Kr | 10754,4 | -67,1 | 3597,3 | 8522,0 |
| Jaktprøver | Kr | 5400,0 | 2620,0 | 2165,0 | 10054,0 |
| Salg ammunisjon | Kr | 62358,2 | 84706,2 | 47738,0 | 38192,0 |
| Kiosksalg | Kr | 10135,0 | 3254,0 | 3839,0 | 865,5 |
| Lotteri/bingo | Kr | 21690,0 | 19460,0 | 19939,0 | 15925,0 |
| Dugnad | Kr | 39420,0 | 45000,0 | 46500,0 | 44000,0 |
| Reklame | Kr | 0,0 | 37500,0 | - | - |
| Andre inntekter | Kr | 20000,0 | 14500,0 | 13000,0 | 17000,0 |
| **SUM INNTEKTER** | Kr | 192824,5 | 230288,1 | 160841,3 | 160562,0 |
| | | | | | |
| **KOSTNADER** | | | | | |
| Gitte gavepremier | Kr | 900,0 | 2050,0 | 1230,0 | 980,0 |
| Påmelding stevner | Kr | 1280,0 | 6640,0 | 4250,0 | 3200,0 |
| Kjøp ammunisjon | Kr | 51540,5 | 93035,5 | 35368,5 | 65792,5 |
| Kjøp ammunisjon rekrutt | Kr | 5500,0 | 8250,0 | 8250,0 | - |
| Ammunisjonssubsidier | Kr | 10770,0 | 18445,8 | 5320,0 | 3584,0 |
| Utdeling amo rekrutt | Kr | 4961,6 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Utg. egne pokaler/gravering | Kr | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 1650,0 |
| Andre kostnader | Kr | 5201,0 | 500,0 | 350,0 | 1300,0 |
| Årsmøte/andre møte | Kr | 1742,0 | 1852,0 | 1738,0 | 4643,8 |
| Administrasjon | Kr | 3023,0 | 1414,0 | 1500,0 | 2613,0 |
| Gave til styre/medlemmer | Kr | 529,0 | 0,0 | 803,8 | 600,0 |
| Annonseutgifter | Kr | 332,5 | 236,0 | 278,5 | 1279,0 |
| Utgifter data/programvare | Kr | 1600,0 | 18010,0 | 3019,0 | 2000,0 |
| Leigeutgift bane | Kr | 800,0 | 800,0 | 800,0 | 800,0 |
| Drift av el.skyteskiver | kr | 484,0 | 19975,0 | 14057,0 | - |
| Drift hus/bane | Kr | 20423,1 | 9152,2 | 12064,2 | 5735,1 |
| Vedlikehald hus/bane | Kr | 22972,5 | 11019,5 | 19045,8 | 18144,2 |
| Tidskrifter | Kr | | | 880,0 | - |
| Kontingent samlag/krets | Kr | 0,0 | 291,0 | 258,0 | - |
| Materialer/utstyr | Kr | 4428,5 | 21777,5 | 6062,8 | 33877,2 |
| Merker,medaljer | Kr | 0,0 | 141,0 | - | 3034,0 |
| Utgifter kiosk | Kr | 6468,0 | 2919,5 | 3458,5 | 1072,0 |
| Utgifter lotteri/bingo/dugnad | Kr | 1465,0 | 19229,5 | 2800,0 | 2400,0 |
| Avskrivning nytt tak Mjøen | kr | 6000,0 | 6000,0 | 6000,0 | 6076,2 |
| Avskrivning elektroniske skiver | Kr | 24256,0 | 51350,0 | 60980,0 | 74374,0 |
| **SUM KOSTNADER** | Kr | 174676,7 | 293088,4 | 188514,1 | 233154,9 |
| | | | | | |
| **SUM DRIFT** | **Kr** | **18147,7** | **-62800,3** | **-27672,8** | **-72592,9** |
| | | | | | |
| Renteinntekter | Kr | 164,8 | 193,0 | 5912,0 | 9880,0 |
| Bankkostnader | Kr | 540,6 | 520,5 | 429,8 | 512,0 |
| | | | | | |
| **SUM RESULTAT** | **Kr** | **17771,9** | **-63127,8** | **-22190,6** | **-63224,9** |

# FARNES SKYTTARLAG

## BALANSE PR. 30.09

| | | 2006 | 2005 | 2004 | 2003 |
|---|---|---|---|---|---|
| **EIGEDELER** | | | | | |
| Kasse | Kr | 500,00 | 500,00 | 500,00 | 531,00 |
| Brukskonto, bank | Kr | 88373,32 | 26816,49 | 30623,77 | 9112,85 |
| Kapitalkonto, bank | Kr | 28050,98 | 66378,89 | 76237,89 | 123195,89 |
| Til gode frå kundar | Kr | 440,00 | 3440,00 | 1634,00 | 3000,00 |
| Varelager ammunisjon | Kr | 41568,00 | 37585,00 | 48573,50 | 44884,00 |
| Nytt tak Mjøen | Kr | 36800,00 | 42800,00 | 48800,00 | 54800,00 |
| Kjøp elektroniske skiver | Kr | 18000,00 | 15350,00 | 66700,00 | 81650,00 |
| **SUM EIGEDELER** | Kr | 213732,30 | 192870,38 | 273069,16 | 317173,74 |
| | | | | | |
| **GJELD OG EIGENKAPITAL** | | | | | |
| Skyldig pengepremie medlemmer | Kr | -7970,00 | 120,00 | -9551,00 | -170,00 |
| Skyldig leverandørgjeld | Kr | 0,00 | 0,00 | -2400,00 | -28695,00 |
| Andeler i elektronisk skiver | Kr | -14000,00 | -19000,00 | -24000,00 | -29000,00 |
| Eigenkapital pr. 30.09 | Kr | -173990,38 | -173990,38 | -237118,16 | -259308,74 |
| Resultat - underskot | Kr | -17771,92 | 0,00 | 0,00 | - |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | Kr | -213732,30 | -192870,38 | -273069,16 | -317173,74 |

Øvre Årdal 25/10 - 2006

Sigurd Hamm[?] Ludvig Indrebø

Farnes skyttarlag
v/ Steinar Røyrvik
Volldalsvegen 9
6884 Øvre Årdal

09.05.07

Brønnøysundregistera
8910 Brønnøysund

***Årsrekneskap for Farnes skyttarlag***

Farnes skyttarlag er registrert hos dykk med organisasjonsnummeret 985 515 646.
Med dette oversender eg årsrekneskapet vårt for perioden 01.10.05 til 30.09.06.

Med helsing

Steinar Røyrvik

formann

# *Farnes skyttarlag*

## *Årsmelding 2006*

Styret har i år vore slik samansett:

| | |
|---|---|
| Steinar Røyrvik | formann |
| Sverre Vigdal | nestformann |
| Sølvi Hatlevoll | kasserar |
| Rigmor Øygarden | sekretær |
| Johan Kauppi | Ungdomsleiar |
| Andreas Veum | jaktskyting |

Dessutan har Leiv Brun (1. vara.) og Ludvig Indrebø (baneformann) vore med på styremøta.

Medlemstalet er svært stabilt, 90 betalande i år er eit par meir enn i fjor. På årsmeldinga til samlaget har me 114 namn, fem meir enn i fjor.

ARRANGEMENT:
Laget har hatt eit aktiv år når det gjeld arrangement. Som vanleg hadde me miniatyrstemne siste helga i januar, Det møtte 93 skyttarar, og Hordaland-skyttarane dominerte. Rune Seim vann stemna. Av våre var det berre i V65 vi hevda oss, med Andreas som vinnar.

Banestemna i Mjøen samla heile 116 skyttarar og Vidar Auve frå Geilo vann. Leiv vart nr 3 i ein stor V65-klasse, men elles nådde me ikkje opp.

Årdalsmeisterskap i miniatyr og i feltskyting samla om lag 20 skyttarar kvar. Dessutan hadde me jaktfelt med 17 skyttarar. Og me har hatt lagmeisterskap i alle tre greinene og dugleiksmerkeskyting. Dermed har me etterkome dei ynskje som har kome frå DFS om å vektleggja lokale arrangement.

Samlagsstemna i baneskyting vart arrangert i Mjøen med 109 skyttarar, men det var påmeldt 132, og påmeldinga på 100 m var i overkant av kva me hadde skive-kapasitet til. Gåvepremiebordet vårt vart svært fint, og eg føler at me skilde oss bra frå stemna. I klasse 2 – 5 vart Bjørn nr 3, og Robert vart nr 2 i kl ER med 348p. Egil vann hovudskytinga i denne klassen med 249 p. Når pengepremiane var fordelte, og før gåvepremiesumane var trekt frå, var det Farnes som hadde størst premiesum på hovudskytinga. Men tek me og med stangskytinga, gjekk Leikanger forbi oss.

ANDRE RESULTAT
Farnes stilte tre lag i korrespondanseskytinga, eit "200 m" og to "100 m" lag. Det er ikkje tvil om at desse konkuransane hevar kvaliteten på skytinga for dei som er med. Men det var mange gode lag, og Farnes enda midt på listene.

I Kiwi-cupen hadde me med to 100 m lag, og B-laget med Egil, Sindre og Lennart kom i finalen. Sjølv om aurlendingane vart for sterke for oss, vart det heiderleg omtale i avisa, og 250 p for Egil.

Robert klarde 250 p i Årdalsmeisterskapet på Loi.

På miniatyrsamlagsstemna i Aurland var me sterkt representerte, og Egil vart nr 3 i klasse ER og fekk ungdomsmedalje. Andreas vart nr 2 i V65 og Lidvard nr 3 i V55.

Knipenborg arrangerte samlagsstemne i skifelt. Farnes fekk samlagsmeisteren i år som i fjor: Jostein Holsæter.

Tønjum arragerte feltsamlagsstemna i Tønjadalen. Her vart Robert nr 2 og Egil nr 4 i klasse ER, og begge fekk ungdomsmedalje. Leiv vann klasse V55

Landsdelskrinsstemna vart arrangert av Leikanger og Hafslo. Beste resultat frå oss hadde Leiv med tredjeplass på bane.

Landsskyttarstemn gjekk i år i Målselv, og tre av våre skyttarar var av garde. Så vidt eg hugsar, kom dei att med kvart sitt sølvbeger.

DUGNAD
Etter årsmøtet i fjor haust stod Ludvig for å få laga portar for 200 m standplass og isolera og trekkja om att. På den måten får me redusert støyen og kan ha dataskjermane ståande oppe heile tida.

Andreas stod for bygging av ny standplass til finfelt. Våre aktivittar på det området blir dermed uavhengig av pistolklubben.

Ein beisedugnad på Årdal vidaregåande skule gav kr 39 000 i inntekt, og skryt for vel utført arbeid.

Det vart sjølvsagt lagt ned ein god del arbeid for å ha skytebanen og baneområdet i best mogeleg stand til samlagsstemna.

INVESTERINGAR

- Nytt Sauer lagsgevær vart teke i bruk sist vinter
- Ein ny prosjektør med skjerm vart kjøpt inn til samlagsstemna
- Styret har nyleg fatta vedtak om to nye elektroniske skiver på 100 m.

SLUTTORD

Aktiviteten i laget kan oppsumerast slik:

- Tal jegrar er nokolunde konstant, men skottalet aukar
- Dei unge skyttarane har vist fin framgang og hevdar seg godt i samlaget
- Tidlegare var det dei klasseførde skyttarane som drog lasset i laget. I år har aktiviteten der vore mindre enn nokosinne.
- Veteranane held nokså stabilt nivå.
- Deltakinga på stemne i samlaget har auka.
- Meir skyting på 100 m og mindre på 200 enn før.